



**Ein lett og interessant tur gjennom gamal og ny kultur i og omkring den gamle tettstaden Osøyro, med vakker utsikt over Bjørnefjorden.**

An easy and interesting walk through modern and historical surroundings. The old community center – Osøyro – will thrill you with its historic charm and magnificent views over the fjord, Bjørnefjorden.



### Rute og ymse av interesse

**Terrang:** Asfalt, litt grusvegar. Lett terreng  
**Tid:** Turen kan delast i to turar - Runde I og Runde II.  
 Kvar runde tar ca. 1 time.

#### Runde I:

Start ved turistinformasjonen på Gjestebryggja. Her er det parkeringsplass. Osøyro er kommunesenteret til Os kommune og ligg ved elveosen, som har gjeve garden, bygda og seinare kommunen namn. På andre sida av hovudvegen (E 39) ser me vognhallen og stasjonsbygningen til gamle **Os stasjon (1)**. Me går mot rundkøyringa og kryssar E 39 ved det fyrste gangfeltet.

Os stasjon var endestasjonen for den smalspora Nestun-Osbanen, som var i drift frå 1894 til 1935. Særmerkt for Os stasjon er at han ligg tett ved sjøen, med eigen kai som gjorde sjø-land-sambandet til ein del av stasjonsanlegget. Bygningane som står att er stasjonsbygningen, vognhallen og vognverkstaden. Det er planar for restaurering av stasjonsanlegget.

Me går opp til venstre mellom Statoilstasjonen og brannstasjonen og opp snarvegen til Midtskogvegen. Gangvegen (mot venstre) stig bratt opp, mellom anna med ei trapp, og vel oppe får me utsyn over Osøyro og Bjørnefjorden. Me tek til venstre i Midtskogvegen (ved postkassstativ) og føl den heilt til me kryssar E 39. Trafikken kan vere stor, så her må ein vise varsemnd. Her følgjer me hovudvegen nokre meter før me tar til høgre og ned Giljavegen. Nede i dumpa tek me til venstre ned ein grusstig til **Mobergsvika (2)**.

Mobergsvika ligg sør-austvend, med utsyn mot Bjørnefjorden med Raudholmane i framgrunnen, og er den viktigaste badeplassen nær sentrum i Os. Frå Mobergsvika går det ein tunnel frå krigens dagar med trappetrinn opp til Moberg. Herifrå går me vidare på strandpromenaden forbi Mobergsvikjo Kafe, Bubilcampingen og hamna, langs Gjestebryggja til parkeringsplassen.

#### Runde II:

Me går mot sentrum, kryssar hovudvegen på gangfelt og fortset rett fram gjennom sentrum av Osøyro, til torget. Her finst alle typar sentrumsfunksjonar med butikkar, post, bank, apotek etc. Ved Leganger tek me til høgre og nok



Osøyro.

Foto: A. M. Holen

### Route and places of interest

**Terrain:** Pavement, some gravel road, gentle terrain.  
**Duration:** The walk may be split in two parts – Route I and Route II. Each route takes about one hour.

#### Route I:

Start at the information centre at the visitors' harbour where you also find convenient parking.

Osøyro is the administrative centre of Os municipality and is located by the mouth of the river that lent its name to the original farm and later to the village and the modern municipality. On the other side of the main highway (E39) you can still see the car barn and terminal of the old **Os Station (1)**. Go past the roundabout and across E39 at the first pedestrian crossing.

Os station was the final stop on the Nestun-Os narrow gauge railway, which was in operation from 1894 to 1935. Due to its unique seaside location the station doubled as a steamship and railway terminal and was for many years an important and direct link between land and sea transportation. Only the terminal, the car barn and the shop are still there. Plans are now being readied for a complete restoration.

Continue up to the left between the Statoil petrol station and the fire station and take the shortcut to Midtskogvegen. The pedestrian walk (to the left) is steep and even includes some stairs, but on the top you have a fine view of Osøyro and Bjørnefjorden. Turn left in Midtskogvegen (by the mailboxes) and continue along this road all the way to E39. Be careful, as the traffic can be quite heavy. Go along the main road a few steps and turn right and onto Giljavegen. At the bottom of the hill you turn left and follow a gravel path down to **Mobergsvika (2)**.

Mobergsvika faces south and east and provides a fine view of Bjørnefjorden and the small islands called Raudholmane in the foreground. This is the most important public beach near the centre of Os. From Mobergsvika there is a tunnel (constructed during WW-II) with steps leading up to Moberg. From here we may proceed along the seaside mall past Mobergsvikjo Kafe, the caravan camping and the harbour, and finally along the visitors' mooring and back to the parking area.

#### Route II:

Go towards the centre, cross the main road at the pedestrian crossing and continue straight ahead through the village of Osøyro to the square. Here you find all commercial and public services such as shops, post office, bank, chemists, and so on. Turn right at Leganger and right again at Lehrmann and into Postvegen. This area was used for military drills before the military camp Ulven was established around 1870. Here is also **The old Village Hall (3)**.

The building was first erected as officers' residence at Molla (Moldegård) around 1720. In 1884 the house was dismantled and moved to Osøyro, where it started its career as a village hall and courthouse. The building was moved again in 1886 – and this time intact, on steel rollers – to its present location in



ein gong til høgare ved Lehrmann og inn i Postvegen. Me er no i området der det var ekserserplass før Ulven leir vart skipa kring 1870. Ved postvegen ligg **Det gamle kommunehuset (3)**.

Oberst Johan Jacob Pritzler bygde dette huset som herskapsbus på offisersgarden Molla (Moldegård) på 1720-talet. I 1884 vart huset plukka ned og flytta til Osøyro og teke i bruk som kommunehus og tinghus. I 1986 vart det flytta på nytt – denne gongen i heilo, trilla på jernrøyr – frå Øyro til Postvegen der det står no. Ved Postvegen og Landboden ligg også dei siste **sveitserhusa (4)** som er att på Osøyro.

Frå 1890-åra og i nokre tiår vart gjerne dei vestlandske leinstovene bygde i sveitserstil, med store takutspring, krossar og ornament i gavlane og utskore listverk. Bygningane på Osøyro frå denne perioden vart òg bygde i sveitserstil. Dette gjeld stasjonsbygningen og nokre få hus ved Postvegen og Landboden. Resten av sveitserhusa er borte no.

Vidare fortset me langs Landbogen, og passerer **Os kyrkje (5)**.

Os kyrkje vart bygd i 1870, like ved staden der den gamle kyrkja stod, ei tømmerkyrkje frå 1624. Før det var her ei stavkyrkje, og det har truleg stått kyrkje her like frå 1000-talet. Os kyrkje er bygd i nygotisk stil og er ein av dei få freda bygningane i Os.

Me held fram mot Gamlebrua, og på venstre side har me då Os prestegard med 1300-tals bygningen **Borgstova (6)**, som er den eldste bygningen i Os.

Me går over Gamlebrua og følg Finnabrekko langs **Oselva (7)**.

Oselva er kjend som god lakseelv like frå mellomalderen. I klostartida var det langvarige stridar mellom abbeden på Lyse kloster og soknepresten i Os om lakserettane i elva. Oselva har vore kjend som den elva i landet der laksen gjekk tidlegast opp. Det er framleis mange naust ved nedste delen av Oselva. Her var det brørne Lars og Jørn Tøsdal hadde nausta sine, då dei kring 1770 var dei einaste båtbyggjarane i Os. Dette gav namnet til den vidkjende båttypen Oselvar.

Me følg Finnabrekko oppover og kryssar riksvegen på gangfeltet og kjem inn på gangvegen til Haugsneset. Her er det utsikt til Bjørnefjorden. Me går ned igjen til Hamnevegen på ein sti mellom hagane. Me følg Hamnevegen til høgare nokre meter og tar så til venstre igjen og går ned til sjøen og til **Oselvarverkstaden (8)** (okergul bygning).

Oselvarverkstaden er bygd for å ta vare på det gamle båtbyggjarhandverket, kunnskapen om å byggja båtar i oselvartradisjonen. Os har vore mellom dei viktige båtbyggjarbygdene, og oselvaren er kanskje den mest velkjende norske småbåten. Oselvaren er ein av dei heilt få småbåtene som framleis har ein levande båtbyggjartradisjon.

Vidare går me over brua, langs Gjestebryggja og tilbake til turistinformasjonen.

Postvegen. By Postvegen and Landboden you can also see the few remaining houses left in Osøyro in a "Swiss" architectural style.

From around 1890 and for a couple of decades, the West-Norwegian lofthouses were often built in an adopted "Swiss" style with wide awnings, crossed timbers in the gables and richly carved moulding and trim all around. The buildings at Osøyro from this period were no exception, but the only ones remaining are the old railway terminal and, as mentioned, Landboden and a few houses nearby.

Continue past Landboden to **Os Church (5)**.

The Os Church was built in 1870 next to the site of the old church, a log structure from 1624. Even earlier there was a stave church here and it is believed that this was a church site as far back as the eleventh century. The present Os Church is in pre-gothic and is one of the few protected historical buildings in Os.

Continue to Gamlebrua (The Old Bridge) where on the left you find the Os Rectory. The oldest building in Os, **Borgstova (6)** from some time after 1300, is located here.

Cross Gamlebrua and follow Finnabrekko along the **Os River (7)**.

The Os River has been a good salmon river from medieval times and there were protracted disputes between the abbot at Lysekloster and the clergy in Os as to the fishing rights. The Os river is said to have been the first river in the country where the salmon went up to spawn each year. There are still many boathouses along the lower part of the river and this is where the two brothers Lars and Jørn Tøsdal had their boathouses back in 1770, when they were the only boat builders in Os. The design of the now famous boat Oselvar dates back to that time.

Continue up Finnabrekko and across the main road at the pedestrian crossing. You will soon be on the path to Haugeset where there is a fine view of Bjørnefjorden. Take a path down through the gardens to Hamnevegen, turn right and then left again almost at once and continue down to **Oselvarverkstaden (8)**, a yellow (ochreous) building by the riverside.

Oselvarverkstaden (The Oselvar Workshop) has been restored to preserve the boat building traditions and the art of constructing the "Oselvar". The village of Os has long been one of the most important centres for boat building in Norway, and the local design is probably the best known type of small boat in the country. The Oselvar (hard to tell whether it is a rowboat with sail or a sailboat with oars) is one of the very few traditional small wooden craft still being built in Norway.

From the workshop you cross the bridge, walk past the visitors' mooring and back to the tourist information office.

### Hugs:

*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturan er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

### Remember:

*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.